



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Per Ivar Lied

Melding om vedtak

Olje- og energidepartementet

Vår ref.: 14/1577-2

Dykkar ref.:

Arkiv: K1-

Dato: 01.10.2014

Høyring - Eit betre organisert straumnett

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

29.09.2014 FORMANNSKAPET

FOR-090/14 Vedtak samrøystes:

Formannskapet gir følgjande uttale:

«Eit betre organisert straumnett. Uttale frå Stranda kommune.

Stranda kommune viser til rapporten «et bedre organisert strømnett» som er på høyring med høyringsfrist 1.oktober. Stranda kommune er ikkje nemnd som formell høyringspart, men meiner rapporten på nokre område er svært inngripande og ser at mange av forslaga i rapporten kan ha store verknader for Stranda kommune og andre kommunar, og vurderer det derfor som naturleg å avgjøre høyringssvar.

Vi viser til høyringssvaret frå KS bedrift og sluttar oss til dette. Spesielt vil vi framheve følgjande:

Norge har i dag eit godt fungerande kraftsystem med høg leveringssikkerheit. Stranda kommune er bekymra over retninga til forslaga i rapporten som betyr auka sentralisering, betydeleg forverra vilkår for mindre energiselskap og ein fryktar dårlegare og fordyra nettløysingar i distrikta pga kunstige skilje og lite praktisk bruk av lokal kompetanse og ressursar. Mange av forslaga i rapporten vil vere dramatiske for Stranda kommune.

Rapporten legg opp til at nettselskapa ikkje skal kunne selje teneste til andre selskap. Vi trur at selskapa sjølv best vurderer kva som er god forretningsdrift. Det må som eit minimum vere tillate å selje nettrelaterte teneste (m.a. samarbeid om driftssentral og vaktordningar), drift av veglysanlegg og beredskapsavtalar. Det siste punktet inkluderer både sal av materiell og utleige av mannskap i feilsituasjonar. At nettselskapa ikkje lenger skal kunne bistå andre nettselskap i ein større feilsituasjon på grunn av eit rigid regelverk er ikkje akseptabelt. Det vil vere ei katastrofe, ikkje minst for kommunar med store avstandar og vanskeleg geografi.

Det er ein god tanke å etablere fungerande marknadar for å oppnå lavare pris på entrepnørtenester. Men i spreiddbudde strøk kan dette vere vanskeleg. Rapporten legg til grunn marknader og konkurranse der dette

ikkje er muleg eller effektivt av økonomiske, geografiske eller demografiske årsaker. Ein bør i staden sjå korleis marknaden kan fungere betre i område der det faktisk ligg til rette for reell konkurranse. Det er i desse områda storparten av kundane bur og den potensielle økonomiske gevinsten er størst. Vi meiner derfor at eit eventuelt nytt regelverk må vere meir nyansert og i større grad ta omsyn til lokaleskilnader.

Vi er svært kritisk til å innføre eit selskapsmessig og funksjonelt skilje for selskap med færre enn 100.000 kundar, slik at kravet blir gjeldande for alle selskap uavhengig av storleik. Dette synast svært byråkratisk og vil ha som resultat at dei mindre selskapa får auka kostnader og ikkje kan oppfylje eigar og kundane sine krav og forventningar. Vi meiner at selskapa i dag driv effektivt og formålstenleg for kundane når tilsette kan ha fleire ulike oppgåver og roller for å fylle ei stilling. Det gir store fordelar å kunne utnytte synergiane av å dele på kompetansen til dei tilsatte på flere funksjonar og verksemder. Mulegheita i dagens regelverk til å dele ressursane på andre område enn nettverksemda, er avgjerande for at dei mindre selskapa kan oppretthalde god beredskap. Dersom energiselskapa må opprette nye nettselskap med nye styre og leiarar, som ikkje kan drive med anna verksemde, vil dette bli både svært kostbart og byråkratisk for mindre selskap. Ei omorganisering av eksisterande distribusjonssystem-operatørar til større einheitar, og at større selskap kan beslutte investeringar for mindre selskap, vil truleg vere negativt for små kommunar som Stranda.»

Med helsing
Stranda kommune

Per Ivar Lied
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Mottakarar:
KSBedrift
Olje- og
energidepartementet

Kopi til:
Stranda Energi AS